

Berit Kleve Madsen

Fra: Husabø Karin [Karin.Husabo@fmsf.no]

Sendt: 22. august 2008 08:52

Til: Postmottak JD

Emne: Høyering - utkast til lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret

JUSTISDEPARTEMENTET	
22 AUG 2008	
SAKSNR.:	200408231
AVD/KONT/BEH:	RBA/RBA/HAS
DOK.NR.	75
ARKIVKODE:	614.9

Dette skrivet vert berre sendt elektronisk.

Med helsing

Karin Husabø

førstekonsulent

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

57 65 51 10

www.fmsf.no

22.08.2008



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf
Haavard Stensvand – 57 65 51 11
E-post
hst@fmsf.no

Vår dato
22.08.2008
Dykkar dato
09.07.2008

Vår referanse
2008/3191 - 350
Dykkar referanse

Justis- og politidepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Høyring - utkast til lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret

Vi syner til brev av 30.06.2008, der vi vert invitert til å gi tilbakemelding til utkastet til lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret.

Lovfesta beredskapsplikt

Vi er positive til at den kommunale beredskapsplikta no vert lovfesta, sjølv om vi ikkje er overtydde om at lovfestinga i seg sjølv vil føre til at kvaliteten på kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap vert så mykje betre.

Slik §16 i lovforslaget er formulert, definerer det ein ROS-analyse som ei kartlegging av uønskte hendingar, med vurderingar av sannsyn konsekvensar. Når lovteksten først skal gi ei så pass detaljert skildring av kva ROS-analyse er, er det uheldig at det manglar den siste, viktige delen – forslag til mottiltak.

Ikkje minst ut frå resonnementet om at lovpålegg utløyser aktivitet, bør også denne delen omtalast i lovteksten. Det er ofte dette som er den største mangelen med ROS-arbeidet – at det ikkje går ei tydeleg linje frå å påvise risiko til å kartlegge tiltak som kan førebyggje/redusere denne.

Tilsyn

Vi er samde i departementet sitt syn når det føreslår at ansvaret for tilsyn av kommunane på beredskapsområdet vert lagt til Fylkesmannen.

Vi er likevel noko mindre overtydd enn departementet om at det berre er tilsyn som vil være "...tilstrekkelig effektive i forhold til kommunenes oppfyllelse av beredskapsplikten". Vi erfarar på andre område av Fylkesmannen si verksemd at tilsyn korkje treng vere einaste eller beste tilnærmingssmåte for å få til betre kommunale tenester.

Vi trur difor at ein oppfølgingsmetodikk med sterkt fokus på motivering og rettleiing er viktig. Vi vonar at departementet difor ikkje legg opp til at systemrevisjon vert akseptert som einaste metode for oppfølging av ei lovfesta kommunal beredskapsplikt.

Under omtalen av kommunal beredskapsplikt, peikar departementet på at regelverket i liten grad har lagt til rette "...for at kommunens samlede beredskapsansvar kan sees i samanheng...". Dette er eit synspunkt som i høgste grad òg er relevant i forhold til utøving av tilsynsansvaret.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Innanfor kommunal beredskap har t.d. DSB tilsyn med brannvernarbeidet, Mattilsynet med beredskap knytt til vassforsyning, Helsetilsynet med oppfølging av lov om helsemessig og sosial beredskap, mens Fylkesmannen har eit rettleiingsansvar i forhold til generelle ROS-analysar og kriseplanverk.

Vi trur at det vil vere mange fordelar med å sjå det kommunale beredskapsarbeidet i samanheng, og samle tilsynsansvaret mest mogleg éin stad - hjå Fylkesmannen. Vi vil tilrå at departementet ser nærmare på utfordringa med å få til ei betre samordning av tilsyn, når det skal utpeike tilsynsstyresmakt etter at lovpålagt kommunal beredskapsplikt vert vedteke.

Evakuering

Vi er skeptiske til den heimelen som vert føreslått gitt til kommunane gjennom forslaget til § 14 g) og h).

Som departementet sjølv skriv, inneber evakuering eit omfattande inngrep i rettssfæren til innbyggjarane. Vi trur difor at det framleis bør vere politiet som aleine har avgjerdskompetanse om iverksetjing av evakuering.

Kommunane er generelt flinke til å praktisere fullmaktene dei har til å regulere innbyggjarane sitt daglegliv. Vi meiner likevel at heimel til å bestemme evakuering vil gi ein inngrepsrett på eit heilt anna nivå enn det kommunane har elles. Avgjerder om sterkt inngripande tiltak bør difor takast i miljø og system som er vant til å forvalte lovheimlar om rett til bruk av makt og tvangsmidlar overfor borgarane.

Vi trur òg at forslaget inneber at ansvarsforholda mellom kommunane og redningstenesta vert rota til. Sjølv i "*ikkje – akutte*" tilfelle må det vere omsynet til liv og helse som gir grunnlag for å bestemme iverksetjing av evakuering. Vi oppfattar at det nettopp er "liv og helse" som er nøkkelorda i grensedraginga mellom kommunane og politiet sitt ansvar i krisesituasjonar, og vi trur at det er både rett og sunt at det er der grensa går òg i framtida.

Vi har og svært vanskeleg for å sjå kva type situasjonar forslaget er tenkt å imøtekome. "*Truende naturkatastrofer*", som t.d. skred i Åkerneset, vert omtalt som døme. Er det fare for ei naturkatastrofe, og såleis stor potensiell risiko for liv og helse, er det i alle fall viktig å vere tydeleg på ansvarsforholda. Dersom departementet meiner at politilova ikkje er dekkande for slike behov, bør det heller starte eit arbeid med endre den, i staden for å risikere at ansvarsforholda vert meir utydelege.

Det vert kommentert at enkelte hendingar vil kunne ha eit så stort omfang at ei avgjerd om evakuering ikkje bør takast på kommunalt nivå, men "*...fattes av statlige myndigheter*". Det står ikkje noko om kva "*...statlige myndigheter*..." departementet her har i tankane. Uttalen gir difor ikkje mindre grunn for oss til å åtvare mot system som kan rote til ansvarsforholda.

Tilfluktsrom

Departementet føreslår at tilfluktsromsteneste vert avvikla som primæransvar for Sivilforsvaret, og føreset at kommunane har "*...nødvendige ressurser og kompetanse for ivaretagelse av tilfluktsromstjeneste*".

Vi er sterkt i tvil om det er grunnlag for departementet si oppfatning her. Vi ser at kompetansen om forvaltning av tilfluktsrom har forvitra dei seinare åra. Det kan ikkje vere tvil om at det er stor fare for ytterlegare forvitring når ansvaret t.d. i Sogn og Fjordane skal overførast frå éi eining (Sivilforsvarsdistriktet) til 26 kommunar.

Etter vårt syn er det mykje viktigare at sentrale styresmakter tek ei snarleg avgjerd i spørsmålet om behovet for tilfluktsrom i det nye trusselbiletet. Det er mange kommunar og andre eigarar av tilfluktsrom bygd før 1998 som ventar på eit svar om desse romma kan disponerast til andre føremål.

Med helsing

Oddvar Flæte

Haavard Stensvand
fylkesberedskapssjef